

Filologiske språkteknokratar

Håvard Tangen og Geir Martin Pilskog

Ved utgangen av den andre verdskriegen stod nynorsken sterkare enn nokon gong før i skulekrinsane. På lag kvar tredje folkeskulelev fekk opplæring i nynorsk. I sentraladministrasjonen hadde nynorsken derimot fått ein knekk under det tyske okkupasjonsstyret. Det skulle ta lang tid å få stabla på beina det organisasjonsapparatet i målrørsla som hadde vorte velt i koll i krigsåra. Statsvitaren Trond Nordby har kalla denne tida «fagstyret»¹, der kvinner og menn i kraft av fagkunnskap fekk stor innverknad på utforminga av politikken. Toppen i Arbeidarpartiet hadde for lengst vorte ein del av den herskande klassa i Noreg, men det nye tilskotet til samfunnsseliten førde med seg ein ny retorikk om etterreising av landet som gav eit skin av sosialisme. Arbeidarpartiet hadde vorte det største partiet, og medlemer derifrå kom til å gjera seg meir og meir gjeldande i målrørsla, noko til fortrengsel for Venstre-dominansen fram til då. Denne sosi-aldemokratiske modellen som vart sett ut i livet etter 1945, gav målstriden heilt nye vilkår, og målfolket greidde ikkje å manøvrera så lett i dette nye og ukjende terrenget.

Samfunnsingeniørar og sosialøkonomar prega tenkjemåten med ekspertfråsegner og planoppskrifter, ofte av amerikansk merke. Arbeidarpartistaten med regjerings Gerhardsen gjekk inn for ei industriell modernisering av Noreg, medan målrørsla ikkje var fortruleg med å orientera seg i desse omgjevnadene. Propagandaplakatar med tekster som «Vi bygger framtidens Norge» og «Bygg landet!» der røygater, kraftliner, neddemde fossefall og fabrikkipper breidde seg utover på bygdene, frontkolliderte med sjølybiletet til målrørsla, der dei fleste medvite eller umedvite solidariserte seg med dei tradisjonelle bygdenæringane. Lykelomgrepet «rasjonalisering» låg òg på eit plan som målrørsla ikkje rådde med; kulturelle og nasjonale faktorar kom til kort innanfor denne råma. Somme i målrørsla meinte den nasjonale appellen som hadde vorte nytta i agitasjonen for nynorsken før, no var avleggs og ubruukeleg. Nazistane hadde skjempt ut nokre

av dei gamle symbola, samstundes som motstandskampen i krigsåra hadde synt at både riksmålsfolk og landsmålsfolk var like «gode nordmenn». I det heile rådde det ein type konsensus-tenking som gav gamle kulturspørsmål som målstriðen ein trond fødsel i etterkrigstida. Det store skiljet i synet på rettskriting frå føre krigen hang enno i, og kløyvinga gjorde det vanskeleg å samla seg til nye krafttak i ei tid som røynde mykje på nynorsken. Foreldreaksjonen mot samnorsk frå 1949 og utetter innleidde ein sterk riksmålsoffensiv, og til 1953 vart det samla inn meir enn 400 000 underskrifter mot den offentlege målpolitikken. Mange skulekrinsar som hadde innført nynorsk i ei snøggvending etter den samnorske reforma i 1938, kom snart til å kvitta seg med han att. Målrørsla fekk aldri tid til å få fotfeste eller vinna varige tilhengjarar i slike strok.

På statleg initiativ vart det reist ein ny offentleg institusjon, Norsk språknemnd, som skulle fremja samarbeid mellom dei såkalla «målfornemene» bokmål og nynorsk, skunda fram ein samnorsk målvokster og leggja fram ein ny læreboknormal. Samnorskaranane stod sterkare i målrørsla etter krigen, endå dei miste makta over Noregs Mållag i storparten av 1950-åra. Alf Hellevik, medlem av Studentmållaget i mellomkrigstida, vart fyrste nynorske leiaren i Språknemnda, elles kom ei rad tidlegare leiatarar av Studentmållaget til å ha fast sete i denne nemndna. Sosiologen Rune Slagstad har hevdat at etterkrigstida var «et eldorado for de filologiske språkteknokrater»,² og mange av desse teknokratane hadde bakgrunnen sin nett i Studentmållaget. Laget slutta, som føre krigen, hugheilt opp om samnorsklinna, med mogeleg unnatak for nokre fåe semester i 1950-åra. Medlemene kom til å vera med i fraksjonskampane i Mållaget, laget var med og førebudde skipinga av Kringkastingsringen og laget valde opposisjonskandidaten Hartvig Kiran til utsending til landsmøtet i 1957. Kiran vart vald til leiari i Mållaget i kamprøysting mot den tradisjonalistiske kandidaten Ivar Eskeland.

Studentmållaget freista fremja nynorsk faglitteratur gjennom nye tiltak frå



Bjarte Birkeland, ein av dei mange studentmållagsleiariane på 50-talet gjorde i 1957 og utetter eit dugande arbeid i Opplysningsnemnda for norsk mål, som gav ut småskrifter for nynorsk og arbeidde i samband med skulemålsrøystingar. Foto: Norsk Tidend.

Skuleboknemndi åt laget. Det gav ut bladet *Norsk Reising* i 1954 og kom i 1959 i gang att med fast medlemsavis, *Apropos*.


Eit lag dominert av humanistar

Då freden kom, utløyste «møtehungeren», som Bjarte Birkeland har kalla han³, ei sterk tilstrøyming til lagsmøta i Studentmållaget. Okkupantane hadde lagt som eit lok på alt friviljug organisasjonsliv; no kom ein ny framvokster. Medlemstalet vippa kring 200 i siste helvta av 1940-åra, men utgjennom 1950-åra sokk det markant. Då tiåret fjøra ut, var laget nede på 50 medlemer.⁴ Nynorsken hadde òg elles hamna i ein bølgjedal, med minkande oppslutnad i skulekrinsane, og statsapparatet hadde sytt for å integrera målspørsmålet i Språknemnda. I 1990-åra kunne me finna ein liknande parallel med miljøsaka. Miljøorganisasjonane tapte terreng og medlemsmasse i same takt som staten innlema spørsmålet i sine politiske disposisjonar. Noko beinveges samband mellom redusert medlemstal i Studentmållaget og nedgang i nynorsk skulemål er det knapt, men mykje tyder på at den allmenne velviljen som før hadde gagna nynorsk innanfor utdanning og skuleverk, etter krigen kom til å verta kanalisert inn i samnorsken. Endå mange av dei mest profilerte samnorskforkjemparane skreiv nynorsk, kom særleg såkalla radikalt bokmål til å verta oppfatta som samnorsk.

I Studentmållaget treivst dei humanistiske studentane godt; i 1940- og 1950-åra utgjorde dei den utan samanlikning største prosentdelen av medlemene i laget ut frå fagval. Dei 15 fyrste åra etter krigen sat 30 leiarar ved roret i Studentmållaget, og av desse studerte to av tre humanistiske fag. Den fyrste kvinnelege leiaren fekk Studentmållaget hausten 1951. Solveig Spillum⁵ studerte karakteristisk nok til cand. philol. Det skulle såleis ta meir enn 50 år før laget valde ei kvinne til det øvste vervet, men samanlikna med andre lag i målrørsla kjem Studentmållaget tolleg godt ut. Til dømes fekk Noregs Mållag sin fyrste kvinnelege leiari så seint som i 1982.⁶

Etter å ha vore aktiv i Noregs Mållag dei siste åra føre krigen, stod Studentmållaget på nytt utanfor Noregs Mållag i 1945. Laget drøfte nyinnmelding nokre gonger, men det viste seg å ikkje vera forsvarleg av økonomiske årsaker. I 1949 vedtok landsmøtet i Mållaget at studentlag kunne vera med utan å svara årspengar. Studentmållaget sökte same året om medlemskap i landssamskipnaden.

Hausten 1950 innførde laget ein ny skipnad i lovene, rådmannsombodet, som kom til å få følgjer for alliansebygginga til laget seinare. Rådmannen skulle gjera opptak til praktiske måltiltak, og han kunne møta i nemndene og i styret til laget.⁷ Nokre av rådmennene var tidlegare leiarar av laget og dei fleste meir røynde målfolk. Såleis tok laget opp i seg ein trend i samtida til å leggja vekt på sakkunnskap og ekspertråd.



Det var ganske roleg rundt Det Norske Teatret rett etter krigen. Berre då Peer Gynt vart framført på nynorsk for første gong, måtte Studentmållaget hjelpe til med å roa ned nokre «vestkantpiparar». Dette er innbydingsplakaten til eit debattmøte laget hadde om Peer Gynt.

Rit frå møteverksemda

Studentmållaget markerte tidleg at målstriden måtte førast i nye former etter krigen; mange i laget opplevde «mange gamle målmanns-slagord endå meir ramlende tome enn før».⁸ Kaare Fostervoll, ny kyrkje- og undervisningsminister og med bakgrunn i Studentmållaget, innleidde på det største møtet i haustsemesteret om kultur- og opplysningsprogrammet åt DNA-regjeringa. All ungdom, anten dei så kom frå bygd eller by, skulle tryggjast fullverdig utdanning i form av landsgymnas, statsrealskular, yrkesskular osb. I ordskiftet var Magne Skodvin med og fremja eit framlegg til skipnad av lånekasse for studerande ungdom. Fostervoll slo fast at arbeidet for eitt sams norsk mål var den viktigaste kulturoppgåva no. Denne bodskapen fall ikkje overraskande i god jord hjå storluten av medlemene av laget. Då ein medlem same hausten heva røysta for å ta ei prinsipiell drøfting av målsaka, tala han mest for dauge øyro: Det var ånda frå fellesprogrammet som sveiv over Studentmållaget. På denne måten vart samnorsklinia etablert frå fyrste stund utan at ho eigentleg hadde brynt seg mot hine målsyn.

Statleg styring av kulturlivet


Korleis styremaktene gjekk inn og forma kulturlivet, syner òg att i spørsmålet om Riksteatret, eit emne Studentmållaget tok opp i 1949. Då tala Halldis Moren Vesaas om kor viktig det var at bygdene førebudde grunnen for Riksteatret. Rivinga mellom gammalt og nytt, tradisjonelle bygdeverdiar og sosialdemokratisk urban planlegging, kom fram på fleire møte. Eirik Vandvik greidde i 1946 ut om kulturkrisa på bygdene og humanismen i møtet med materialismen og pietismen. På eit anna møte åvara Asbjørn Øverås mot hardhendt skulesentralisering, og sidan refste Erling Kristvik «vår tids forbanning», byane, som reiv sund heimelivet. Studentmållaget vart nok enno i hovudsak rekna for eit lag for bygdestudentar, og endå laget stodde heilhjarta opp om språkplanlegginga, hadde nok dei fleste sterke atterhald mot tilsvarande regulerings- og rasjonaliseringssiver på andre samfunnsfelt. Reint allmennpolitiske tema var lite framme, men i 1949, skipingsåret til NATO, var det føredrag om «Aust mot vest».⁹

Den kulturelle og sosiale sida ved lagslivet vart teken godt hand om etter krigen. Tradisjonen med studentberg i Det Norske Teatret vart henta fram att. Medlemer av laget stod jamvel æresvakt då kong Haakon var til stades på urpremieren på eit stykke i fredsåret 1945. Noko teaterslagsmål à la oppstyret i 1913 var det ikkje tale om lenger; Studentmållaget hjelpte berre til ein kveld med å døyva nokre «vestkantpiparar» då Peer Gynt vart framført for fyrste gong på nynorsk. I 1946 skipa laget til eit songmøte for å blåsa nytt liv i denne tradisjonen, og seinare tok Studentersamfundet opp tråden og stelte til faste «kulturveldar» frametter. Somme av dei fremste lyrikarane i samtida kom til Studentmållaget og las opp, m.a. Halldis Moren Vesaas og Jakob Sande. Etter kvart heldt laget

reine «hyggemøte» utan noko anna oppsett program enn det sosiale samværet. Laget skipa òg til lagsfestar og opne dansefestar, og det hende at desse tiltaka gav lagskassa eit pent tilskot.

Fram for eitt norsk mål

Spørsmålet om framvegen for norsk mål melde seg på møteprogrammet til laget. Det kom opp ulike syn på målstriden på møte der Alf Hellevik, Trygve Bull og Severin Eskeland innleidde i 1947 og 1948. Medan Bull halla imot ein nynorsk med tyngdepunkt i målet i og ikring Oslo, og Eskeland tala for den tradisjonelle nynorsken, var det utan tvil Hellevik som samla mest stønad for sitt syn: Fram til eitt norsk mål i samarbeid med bokmålet. I det heile la Studentmållaget mykje vekt på oppnorskninga av bokmålet, og medlemer av laget rykte gjerne ut til forsvar for det «radikale» bokmålet når riksmaalsfolket var ute med storsleggja, som dei ofte var på denne tida. Dermed kom utanforståande etter kvart til å få ei oppfatning av at nynorskfolk og samnorskfolk gjekk i eitt med kvarandre. Men det var òg meiningsbrytingar internt i laget, der nokon tykte best om rasjona-



Frå 50-årsjubileumsfesten i Ingeniørenes Hus: Frå venstre i bakgrunnen: Jon Mannsåker, Sigrid Øverland, Olav Midttun, Tordis Maurstad, Arne Bergsgård, Signe Liestøl, Knut Robberstad, Karen Grude Koht, Bjarte Birkeland. Midt mellom lysa: Knut Liestøl. Til høgre for Liestøl (på biletet): fru Fostervoll. I framgrunnen: Gudrun Grave Nordlund, Hallvard Bergwitz, Inger Indrebø, Olav Lilleaas. På andre sida av bordet: Alv H. Hellland, Mia Lise Djupedal, Lars Reinton. Ved andre bordet: Dagfinn Mannsåker, Eldrid Robberstad. Faksimile frå 50-årssoga.

listiske, hine emosjonelle argument for nynorsken. Både møtet om mandatet til Språknemnda hausten 1949 og *Norsk Reising 1954* syntet at samnorskssynet ikkje var unisont i laget.

50-årsjubileet åt Studentmållaget vart høgtida med fynd og klem i oktober 1950, festmøte i Aulaen og festmiddag i Ingeniørenes hus. Det vart laga kronikkar om laget som kom inn i ei rad aviser (endåtil i *Aftenposten* og *Decorahposten* i USA). 200 unge og gamle lagsfolk var samla til festmiddagen, og det vart utnemnt 13 heidersmedlemer. Olav Midttun heldt festtala.¹⁰

Politikk på programmet

Etter 1950 ser me så visse tendensar til politisering av møteprogrammet til Studentmållaget. Hausten 1950 tala Arnulf Øverland om «de nye beredskapslover». Derimot reiser nokre møte etiske og religiøse problemstillingar: Våren 1951 drøfte laget jesuitsspørsmålet, og hausten 1954 innleidde Kjell Bondevik med tittelen «Treng vi konkubinatparagrafen?». På andre møte tok laget opp striden om dogmatisk syn på kristendomsopplæring og kristentru. Våren 1956 innleidde Margrethe Parm til ordskifte om kvinnelege prestar. I siste helvta av 1950-åra stod elles militærspørsmål på møteplanen. I november 1956 kravde «medlemer av Studentmållaget i Oslo» at den norske stoda til NATO måtte koma opp til drøfting straks. Det var leiaren i laget, Hartvig Sætra, som fremja framleggelsen. Bakgrunnen var Suez-krisa då stormaktene Frankrike og Storbritannia gjekk til åtak på Egypt. Eit par år seinare heldt Heimevernsgeneral Mons Haukland eit føredrag med sterkt kritikk av mobiliseringsordninga. Innlegget hans vart fyldig dekt i *Dagbladet* og utløyste ordskifte i pressa. Elles er det eit fátal verkeleg kontroversielle og allmennpolitiske emne å finna i opprita. Såleis markerte 1950-åra eit brot med den tidvis sterkt radikale profilen til Studentmållaget i 1930-åra. 20 år seinare hadde dei radikale og motdagistiske medlemene i laget kome over i viktige posisjonar i den sosialdemokratiske staten, og Studentmållaget bøygde seg viljig for den ekspertisen og fagkompetansen desse gamle medlemene representerte. Hovudtyngda av møta i laget låg no på kulturelle og litterære samlingar for studentar, der gjerne ein særskild forfattar eller kulturpersonlegdom vart dregen fram i ljuset. Det vart halde minnemøte om Aasmund Olavsson Vinje, Arne Garborg, Tor Jonsson, Olav Duun, Olav Aukrust og fleire. To gamle veteranar i laget vart hylla med eit eige festmøte, Halvdan Koht og Olav Midttun. Eit møte om moderne litteratur hausten 1954 samla mykje folk, mellom 160 og 170 frammøtte.¹¹

Sambandet til landbruksnæringa og bondeyrket vart understreka med dei årlege utferdene til Landbrukshogskulen på Ås. Sjølvbiletet åt laget var rotfest på bygda, som møteprogrammet òg gjev oss eit inntrykk av (jf. Erling Kristviks føredrag). Då måltekronokraten Alf Hellevik tok til ords for meir terminologiarbeid i målrørsla, nemnde han først og fremst landbruksfag som eit aktuelt satsingsom-


råde. Våren 1956 vitja Inge Krokann, den samnorske kandidaten til leiarvervet i Noregs Mållag året før, Studentmållaget med føredrag om «Kultursituasjonen på bygdene». Han kom då med kvasse åtak på «kulørt presse, bestseller-bøker og sjølvkåra åndselite av juniorklassen», heitte det i Dagblad-referatet. Korkje samnorskantar eller tradisjonalistar i målrørsla greidde å ta i bruk retorikken til den nye tida eller omgjera han til sine føremål.

Vegbrøyting for nynorsken

Etter krigsår med ei okkupasjonsmakt som ikkje kjærde seg stort om mållov og nynorskbruk, laut det takast tunge tak for å få nynorsken på fote att. Etter opptak fra Olav Sunnanå reiste laget alt i 1946 krav om måljamstelling i oppgåvene som vart gjevne til eksamen. Reaksjonen på framstøyten var noko blanda: Juridisk fakultet gjekk med på kravet, medan historisk-filosofisk fakultet fyrst nekta. Skipnaden vart dels gjennomført semesteret etter likevel. Det var hovudmålet som studentane skulle halda seg til på universitetet, så då Edvard Os fremja tanke

ken om at kvar student skulle skriva ei oppgåve på sidemålet, gjekk laget imot det. Laget heldt i 1948 fram i same ånda som bladet *Bondestudenten* i 1938 med krav om nynorsk universitet, lagt til Bergen.¹² Det vart òg reist fleire framlegg om å auka nynorskbruken på andre samfunnsomkverve: Kyrkje- og undervisningsdepartementet vart oppmoda om å skipa eit nynorsk lektorat, det vart etterlyst nynorske tekster frå Norsk Film og kriminalhøyrespel med nynorsk tale frå NRK.

Skuleboknemndi åt Studentmållaget freista rå bot på lerebokskorten og gav i 1949 ut stensilerte utgåver av bøker til førebuande prøve i filosofi og logikk av Arne Næss, omsette til nynorsk av Magne Rommetveit. Meir terminologiarbeid i særskilde nemnder følgde i 1950-åra, ikkje alt med like store resultat. Terminologinemnda for jus kom truleg lengst i arbeidet sitt. I 1956 gav Skuleboknemndi og det nyskipa Juristmållaget ut juridiske



Aktivisten Magne Rommetveit var mellom anna med på å setja om Arne Næss til nynorsk, til glede for nye studentar ved universitetet. Foto: Fonna Forlag.

oppgåveløysingar med nynorsk råd og rettleiing. Mot slutten av 1950-åra kom det ny fart i strevet med å få betre nynorsk dekking av pensumet til førebuande prøve. Schjelderups «Innføring i psykologi» vart omsett, og ei nynorsk utgåve av læreboka i logikk var ferdig tidleg i 1960-åra. Latinsk ordbok som kom i 1956, var den største ordboka på sitt felt i Skandinavia til då. Frå 1950 fekk Skuleboknemndi og Det Norske Samlaget statstilskotet sitt under den same posten. Samlaget styrkte posisjonen sin som det leiande nynorskforlaget i etterkrigstida, og representantar for forlaget var ivrige talsmenn for eit eige statsforlag for lærebokutgjeving. Skuleboknemndi stodde òg opp under dette kravet, som fekk tilslutnad frå halvårsmøtet i Studentmållaget hausten 1960.¹³

Fakta og tal i målstriden

Elles fekk òg den nye samfunnsingeniør-tenkinga eit visst nedslag i Studentmållaget då statistikknemnda vart skipa i 1948. «I dag må ord byggja på tal, om nokon skal ta retteleg omsyn til dei,» som Mons Sandnes Nygaard skreiv.¹⁴ Her fekk laget kartlagt kor stort fråfallet frå nynorsken er ved overgangen til universitetet. Så mange som 80 prosent av studentane med nynorskbakgrunn skreiv den førebuande prøva si på bokmål hausten 1948, synte granskingane. Boteråda var å omsetja lærebøker til nynorsk, som Skuleboknemndi altså sytte for. Statistikknemnda fann ut at i gjennomsnitt kvar tiande nye student skreiv nynorsk i utgangspunktet, men at mange av dei vart overrumpla av alt bokmålet i Oslo og skleid over. Nemnda var eit «tidarteikn» der handfaste fakta og tal skulle vega tyngre enn kjensleladde uttrykk for standpunkt i målstriden. Kan henda hjelpte dette til med å gje riksmålsrørsla eit relativt lettare spel med opinionsdanninga: I augo å vanlege folk verka truleg dikt og appellar ved Arnulv Øverland og André Bjerke som hadde ordet i si makt, meir tillitvekkjande og oppglødande enn kalde reknestykke, tørre avhandlingar og «rasjonell» analyse av stoda. Målrørsla lukkast ikkje med lagsbygging og grasrotarbeid, og teknokratisk statistikk og bokstavstrid appellerte meir til intellektuelle grupper enn dei breie massane.

Målpolitisk orientering

Som eit møte med Alf Hellevik våren 1947 til fullnads viste, var Studentmållaget, som før andre verdskriga, ein trygg bastion for samnorsktihengjarane i målrørsla. Same året vedtok laget lover med ei samnorsk eittspråksline i føremålet §1: «Laget vil samla studentane til arbeid for eitt norsk mål på folkemåls grunn og for andre allmenne kulturoppgåver.»¹⁵ Andre drag frå samtidia peika i same lei: Då *Dagbladet* dekta eit møte i Filologisk Foreining i 1950, synte ei meiningsmåling mellom medlemene at 37 av dei stodde samnorsken, 16 var for bokmålet og berre 3 for nynorsken. Av dei 37 samnorsksympatisørane oppgav ti medlem-

skap i Studentmållaget.¹⁶ Samnorsktanken dominerte såleis mellom filologane i denne tida, og Studentmållaget var eit av laga samnorsken stod sterkest i. Nokon eigen samskipnad for å fremja samnorsk fanst enno ikkje. Landslaget for språklig samling vart skipa først i 1959.

På møtet i 1947 drog Hellevik, på den tida medlem av Skuleboknemndi, opp hovudlinia for målsynet til flesteparten av medlemene i laget frametter. Han rådde til å samla seg om dei formene som bokmålet og nynorsken hadde sams og byggja vidare på 1938-rettskrivinga. Læreboknormalen, som han sjølv nokre år seinare kom til å vera ein aktiv medarbeidar i å skapa, måtte bera preg av samnorsk; ein måtte velja former som høvde best for «fleirtalet». Kom det plan og fart i arbeidet, kunne ein med dei beste voner sjå fram mot eit sams fullgodt skriftmål ut ifrå både nasjonal, sosial og reint funksjonell språkleg synsstad.¹⁷

Medan Hellevik meinte nynorsken måtte byggja på eit vidare grunnlag enn 10-mils-ringen kring Oslo, hevda Trygve Bull våren 1948 at Oslo-dialekten var den einaste som breidde seg. Difor kom samnorsken til å få mykje preg av dette målet. Nynorsken ville aldri få innpass i byane, på flatbygdene og langs sørlandskysten, men han kunne veksa saman med bokmålet og inn i samnorsken dersom ein berre tok tida til hjelp. Desse utsegnene til Bull var noko omstridde i Studentmållaget. Oslo-folk måtte læra å vørda «folkemålet», sidan det framtidige målet skulle byggja på det, vart det sagt i ordskiftet etterpå.¹⁸ Strategien kunne såleis sprikja innbyrdes mellom samnorskaranane, alt etter om dei kom frå byen, som Bull, eller frå bygda, som storparten av studentmållagsmedlemene.

Då Severin Eskeland frå Vestlandske Mållag same året innleidde til ordskifte, kom han snart på kant med fleirtalet i laget. Eskeland åtvara dei unge studentane mot å øyda det norske målet som det hadde kosta mykje tid og krefter å strida fram, og han rådde ifrå all tilnærming mellom bokmål og nynorsk. I staden for å brigda på målet skulle dei heilnorske formene lyfta fabrikkmålet, sa Eskeland. Synsmåtane hans fann liten stønad i møtelyden – dei fleste ville byggja på 1938-rettskrivinga.¹⁹

Ny strid om samnorsken


Staten ville etter krigen organisera språkplanlegginga i fastare former, og i 1949 vart det utnemnt ei plannemnd til å førebu skipinga av ei permanent språknemnd. Tilrådinga frå dette utvalet vart send ut på høyring same året, og mellom dei fråsegnene som reiste kritiske innvendingar til mandatet for språknemnda, peika vedtaket frå Universitetet i Oslo seg ut. Kollegiet ved universitetet ville ikkje forplikta representantane sine i nemnda til «å fremja tilnærming på norsk folkemåls grunn». Det heldt fram at målnormeringa måtte ta omsyn til tradisjon og samanheng, og meinte difor at «norsk folkemåls grunn» verka for avgrensande.²⁰

Studentmållaget hadde ordskifte om framlegget til fast språknemnd hausten 1949. Alf Hellevik målbar synet til fleirtalet i plannemnda, medan Ingeborg Hoff greidde ut om dissensen sin. Hellevik streka under den samarbeidsviljen som krigen hadde kalla fram hjå folk og viste til ein internasjonal trend for at fagfolk skulle styra og forma målvoksteren. Det verka som Hellevik meinte at den historiske utviklinga tok bort mykje av grunnlaget for målstriden. Hoff på si side kritiserte omgrepet «norsk folkemåls grunn» og gjorde merksam på at bokmålet òg kunne vera folkemål. Det trøngst ein klårare føremålsparagraf med skilje mellom bokmål og nynorsk. Det var mange som denne gongen stødde synsmåtane til Hoff i ordskiftet.²¹ Haldninga på dette møtet gav eit førevarsel om rivningar i laget seinare i 50-åra knytt til bladtiltaket *Norsk Reising*.

I Noregs Mållag loga striden opp på landsmøtet i 1950. Frå tradisjonalistisk hald vart det reist framlegg om å be Stortinget dryga med å nemna opp ei språknemnd til saka var betre utgreidd. Mållagsleiaren Asbjørn Øverås gjekk imot framlegget av di det kunne tolkast som mistillit til nynorskrepresentantane i plannemnda. I prøverøytinga var det likevel fleirtal for å senda oppmodinga til Stortinget. På tre landsmøte etter kvarandre vart det no strid om leiarvervet i Mållaget, alt med bakgrunn i usemjø om Norsk språknemnd. Fyrst i 1952 greidde den tradisjonalistiske opposisjonen å vinna fleirtal då Knut Robberstad vart vald til ny leiar.²²

Norsk Reising 1954

I desember 1953 tok den nyvalde leiaren i Studentmållaget, Bergfinn Aabø, til ords for meir praktisk målreising. Han ville ha færre allmenne møte og fleire arbeidsgrupper. Halvårsmøtet der han vart vald, stødde denne nye lina.²³ Kort tid etter byrja arbeidet med å laga eit forsvarsskrift for nynorsken, *Norsk Reising 1954*, som vart prenta i eit opplag på ikring 150 000. Bladet skulle spreiaast til



Alf Hellevik var blant samnorskforkjemparane i Studentmållaget. Foto: Scanpix.

alle husstandane i herad med nynorsk tenestemål for å motverka propaganda for bokmålet.²⁴ Finansieringa av bladet vart tryggja med lysingar for nynorske føretak. Pengane rakk ikkje til for å få sendt bladet gjennom posten, så det vart i staden spreitt ved hjelp av kontaktar i lokale mål- og ungdomslag i eit ukjent omfang.²⁵ Bladet var avgjort ein av dei viktigaste framstøytane frå målhald mot riksmålsreaksjonen i fyrste helvta av 50-åra.

Hovudoppslaget på framsida av *Norsk Reising 1954* lydde: «Halve Noreg har valt norsken.» Bladet inneheldt intervju med leiaren i Samlaget, Sigmund Skard, om skort på nynorske lærebøker, eit kart over nynorsk skulemålsutbreiing på framsida og oppslag om målbruken i statstenesta. Knut Robberstad hadde innlegg om idégrunnlaget for målreisinga. Elles stod det ei omtale av eit føredrag Alf Hellevik hadde halde om den nye læreboknormalen.²⁶ Omtala var kritisk til Språknemnda: «Tendensen tykkjест vera klår nok: Den nynorske tradisjonen skal enn eingong brjotast sund. Denne venda er det så centrale og viktige ting som tviljodane (diftongane) som skal ofrast.» Artikkelen om Språknemnda skulle snart utløysa strid i Studentmållaget.

Halvårsmøtet våren 1954 måtte strekkjast over to møte, og kjernen i striden var utgjevinga av *Norsk Reising 1954*. Tidlegare i semesteret hadde det vore «rabaldermøte» om utnemninga av bladstyret²⁷, men ordskiftet nådde dei høgste bølgjene på halvårsmøtet. Kritikarane av bladet klaga på at det ikkje følgde 38-rettskrivinga og synte til meldingar frå Trøndelag om at bladet ikkje høvde der. Lagsleiar Aabø forsvara seg med at den gjeldande rettskrivinga var halden med eitt unnatak, pronomenet me. Knut Robberstad, som hadde halde innleiing om målstoda, hevda at dei som var misnøgde, kunne gje ut eit nytt blad. Enden på visa var at årsmøtet med 22 mot 18 røyster vedtok ei fråsegn som uttrykte misnøye med forma på bladet. Åtaka på Norsk språknemnd hadde ikkje stønad frå fleirtalet i laget, og laget var ikkje samd i den rettskrivinga som bladet var redigert etter.²⁸ Det gamle styret gjekk såleis av, og eit meir samnorskvenleg styre vart valt. *Dagbladet* karakteriserte møtet på følgjande måte: «Palassrevolusjon i Studentmållaget. Nytt og radikalt styre, etter mistaket med *Norsk Reising 1954*.»²⁹

Tidlegare i 1950-åra hadde det òg kome reaksjonar på at tillitsvalde i Studentmållaget nyttet høgnorske former frå rettskrivinga føre 1938. Frå og med hausten 1954 konsoliderte laget seg om ei meir reindyrka samnorskline, og det kom til å verta talarstol og springbrett for den samnorske opposisjonen i Mållaget medan Robberstad og tradisjonalistane hadde fleirtal i styret.

I opposisjon

Våren 1955 heldt Sigmund Skard eit skilsetjande føredrag i Studentmållaget, sjølvé programfråsegna for det nye stormlaupet mot mållagsstyret som no sette

inn. Skard meinte det var naudsynt for målrørsla å tenkja seg om. Det nasjonale hadde ikkje den same djupe og sterke appellen lenger i etterkrigstida. Målrørsla kunne ikkje rekna med å vinna fullt og heilt, slik som mange hadde førestelt seg før. Tvert imot var det den samnorske pioneren Moltke Moe som ville få rett, meinte Skard. Både bokmål og nynorsk var berarar av kulturarv, og framtidsmålet måtte byggja på både måla. Konkret meinte Skard at målrørsla burde stø språknemnda³⁰, der han sjølv sat som representant for nynorskforfattarane. I Språknemnda, som vart formelt skipa i 1952, hadde etter kvart mange av dei kjende samnorskarane i målrørsla fått plass, m.a. Bjarte Birkeland, Alf Hellevik, Johs. A. Dale, Hartvig Kiran, Inge Krokann m.fl.³¹ Mange av nynorskrepresentantane var filologar med utdanning frå Universitetet i Oslo, og desse hadde jamnast vore medlemer i Studentmållaget, ofte tillitsvalde òg. I eit intervju med *Norsk Tidend* presiserte Skard at det ville vera utenkjeleg at ikkje bokmålet skulle spela ei stor rolle i utforminga av det samnorske framtidsmålet.³²

Lars S. Vikør skildra fraksjonsstridane i 75-årssoga til Noregs Mållag og framheva der at tradisjonalistane i målrørsla la vekt på «reinleiken i målet». Den samnorske opposisjonen skal ha vore meir oppteken av å strida mot riksmålsreaksjonen.³³ Denne framstellinga må nyanserast m.a. ut ifrå den store vekta samnorskarane tilla rettskrivingsreformer. Skard og Studentmållaget streka gong på gong under visjonen om samvokster mellom bokmål og nynorsk. Den etterhaldslause støtta dei gav til Språknemnda, må sjåast i ljós av dette. Prosjektet *Norsk Reising 1954*, som skulle skapa ein motstøyt mot riksmålsrørsla, var òg i hovudsak drive fram av tradisjonalistar i Studentmållaget. Legg me såleis dette lokallaget av Mållaget til grunn, gav Vikør ei noko skeiv skildring av stoda.

Studentmållaget oppmoda styret i Noregs Mållag om å invitera Sigmund Skard til hovudinnleiar på landsmøtet i 1955. Dette ynsket vart ikkje oppfylt, men Skard møtte likevel på landsmøtet – som utsending for Studentmållaget. Skard var då 52 år gammal, og det var 24 år sidan han hadde vore leiar i laget. Den samnorske opposisjonen som Skard stod i brodden for, hevda m.a. at striden botna i eit generasjonsskilje, men alderen på utsendingane synte at biletet var meir mangfelt enn som så. Inge Krokann var leiarkandidaten til samnorskarane i 1955. Knut Robberstad, som vann leiarstriden og vart sitjande fram til 1957, måtte i eit innlegg leggja fram ein liten aldersstatistikk: «Sigmund Skard talar um dei gamle og dei unge. Kvifor vil han tvinga meg til å minna um at Inge Krokann er over 60 år og eg er 6 år yngre, eller å nemna at den yngste or hans talarflokk var på lag 10 år eldre enn den yngste talaren or fleirtalet. Kvifor kallar han ikkje flokken sin halvgamlingane?»³⁴ Mållagsstyret reid kritikken av denne gongen, men opposisjonen gav likevel ikkje opp vona om å vinna fram.³⁵ I fyrste omgang kom han til å byggja nye kanalar for seg – heile tida med Studentmållaget som sentral medspelar.

Kringkastingsringen vert skipa

Våren 1955 opplyste leiaren i Studentmållaget, Ola N. Klonteig, styret sitt om at ei privat nemnd førebudde skipinga av «Landslaget for norsk mål i norsk kringkasting». Optaket vart gjort av folk frå mållag i Oslo, Det Norske Samlaget, Studentmållaget og Bondeungdomslaget i Oslo. Det nye laget skulle femna om både målfolk og samnorskfolk og gje ei motvekt til Norsk Lytterforening som Foreldreaksjonen mot samnorsk hadde skipa. Styret i Studentmållaget samtykte i tanken om dette landslaget og gav leiaren og den dåverande rådmannen, Magne Rommetveit, fullmakt til å arbeida meir med saka.³⁶ Samskipnaden, som snart fekk namnet Kringkastingsringen, hadde skipingsmøte i desember 1955. «Unge, språkradikale kvinner og menn»³⁷ samla seg i det nyskipa laget, og Rommetveit var skrivar frå skipinga og fram til 1969. Ikkje så fæ av dei fyrste leiarane i Kringkastingsringen hadde bakgrunn som tillitsvalde i Studentmållaget, såleis t.d. den andre leiaren, Olav Bø, som hadde vore leiar i Studentmållaget hausten 1950. Vikør skriv at det var opposisjonen i Mållaget som skipa Kringkastingsringen,³⁸ og difor vart òg det nye laget møtt med ei lunken haldning frå mållagsstyret.

Medan rådmann Magne Rommetveit gjekk i bresjen for Kringkastingsringen, kom ein annan rådmann i Studentmållaget, Jon Ous, til å leggja til rettes for eit anna opposisjonslag i målrørla, Opplysningsnemnda for norsk mål. Etter rabalderet med *Norsk Reising 1954* spurde Ous ei rad framskotne samnorskarar i målrørla, m.a. Alf Hellevik og Sigmund Skard, om å setja saman eit propagandaskrift for nynorsk. Skriftet skulle oppmoda ungdomen om å halda fast på nynorsken.³⁹ På eit samrådingsmøte i 1956 vart Opplysningsnemnda for norsk mål skipa med føremål om m.a. å gje ut slike småskrifter for nynorsk og arbeida i samband med skulemålsröstingar.⁴⁰ Bjarte Birkeland, tidlegare leiar i Studentmållaget, vart ein viktig medarbeidar i Opplysningsnemnda. Våren 1957 heldt han på eit halvårsmøte i Studentmållaget fram mange av dei same tankane som Skard hadde presentert på eit lagsmøte to år tidlegare. Nynorsken kunne ikkje vinna heile landet, men di sterkare nynorsken stod, di meir skulle han få å seia for samnorsken.⁴¹

Samnorskarane tek makta i Mållaget

På same møtet som Birkeland tala om Opplysningsnemnda, valde laget utsendingar til landsmøtet i Mållaget. Hartvig Kiran, Jarle Bondevik og Sigmund Skard vart valde; av dei var berre Bondevik student. Kiran var kringkastingsmann, medlem av Språknemnda og den nye leiarkandidaten til den samnorske opposisjonen i Noregs Mållag.⁴² Programmet sitt gjorde Kiran kjent i skriftet *Aksjon mot reaksjonen* (1957), utgjeve av Opplysningsnemnda for norsk mål. Kiran ville ha eit meir kraftfullt arbeid mot riksmålsrørla, som truga alt språkleg oppnor-